

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming av søknad om løyve etter lov om havner og farvann for Høyanger kommune, Vestland.

§ 1. Gebyret inneheld

Gebyret omfattar sakshandsaming av bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan påverke tryggleik eller ferdsel i kommunen sitt sjøområde.

Som tiltak reknast mellom anna;

- Innretningar som til dømes akvakulturanlegg, kaier, brygger, bruer, luftspenn og røyrleidningar.
- Naturinngrep som til dømes mudring, utdjuping og utfylling.
- Aktivitetar som til dømes slep, sprenging og omlasting.

Tiltak som alltid krev løyve frå Kystverket:

- a. akvakulturanlegg.
- b. kraftproduserande anlegg i sjø.
- c. røyrleidningar for olje og gass.
- d. bruer.
- e. luftspenn.
- f. innretningar, installasjonar og anlegg for kraftproduksjon og petroleumsverksemd, irekna slep og oppankring av slike. Unntatt er forsynings- og hjelpefartøy eller skip som transporterer petroleum i bulk.
- g. Tiltak som kryssar ei kommunegrense.
- a. Andre tiltak som kan skape vesentlege hindringar eller ulempe for ålmenn ferdsel, irekna sprengingar, større slep, seismiske undersøkingar og utprøving av utstyr.

Tiltak ut over dette skal kommunen handsame etter lov om havner og farvann.

§ 2. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter dette regulativ skal betale gebyr.

§ 3. Tidspunkt for avrekning av gebyr

Gebyret vert utrekna i høve det regulativ som gjeld når fullstendig søknad er motteke av kommunen.

§ 4. Fleire tiltak i same søknad

Ved byggemelding av fleire tiltak samstundes, skal det reknast gebyr for kvart tiltak.

§ 5. Tidspunkt for fakturering og betalingstidspunkt

Når vedtak i samband med søknad vert gjeve, skal det fakturerast for gebyr.

§ 6. Tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar

Ved tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar, bereknast gebyr etter høgste tiltaksklasse.

§ 7. Anna arbeid

For anna arbeid der det ikkje er faste gebyr og for arbeid som skal fakturerast etter medgått tid, skal timesats fastsett i gebyrregulativ leggast til grunn.

§ 8. Arbeid som er ulovleg sett i gang

Dersom eit arbeid vert sett i gang utan at løyve er gitt, eller før søknad er sendt inn, gjeld handsamingsgebyr på 200 % av normal sats. Det vert og rekna 200% av gebyrsats for eventuelle dispensasjonar.

§ 9. Klagegang

Storleik av gebyra (gebyrregulativet) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan klagast på, jf. kap. VII i forvaltningslova.

Kommunen si avgjerd i søknad om reduksjon av gebyr kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

§ 10. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.